

Sande 22.01.2019

Til

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
28 JAN 2019	
Ark. saksnr. 18/3131	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Saksnr.683/18

Klage på avslag søknad om dispensasjon-gbnr 217/46.

Eg klagar på avslag om dispensasjon bygging av naust på gbnr 217/46

Eg syner til vedlegg, tinglyst dokument på gbnr. 217/46

Der er tinglyst: Naust,båthus,sjøbu.

Uttalen frå Fylkesmannen er etter min oppfatning, gitt på sviktande grunnlag.Dette på grunn av at tilleggsopplysningar eg vart bedt om å sende kommunen,ikkje var med i sakshandsaminga.

Det gjeld underskrivne dokument om løyve av grunneigar til 217/7 på parkeringsplass.

Det gjeld underskrivne dokument om løyve av grunneigar til 217/13 til rett å bruke gangveg over hans eigedom i følgje kart frå 1980.

Fylkesmannen bemerka i sitt avslag at det ikkje var dokumentert rett til å nytte gangveg over 217/13.

Det same gjeld uttalen frå Statens vegvesen.

Dei mangla dei same opplysningane. Dei bemerka i sitt avslag, at det ikkje var opplyst om parkeringsplass,noko som kommunen krov etter kommunale planar.

Eg har i ettertid innan klagefrist, tatt munnleg og skriftleg kontakt med Statens vegvesen om å vurdere på nytt løyve til avkøyrsløse til E 39

Eg fekk 24.01., etter purring,munnleg orientering om at det ikkje vert gitt løyve til avkøyrsløse til E 39.

Da det ikkje vert gitt løyve til avkøyrsløse, finn eg det tenleg for meg å gå til eigdommen 217/46.Parkering har eg på min eigedom 217/47.

Det vert difor ordna med alternativ transport av materialer.

Til opplysning vil eg orientere om at innteikna parkeringsplass i søknaden er opparbeidd og det same gjeld gangveg over 217/13.

## **Fordeler med å gi løyve til å byggje naust på 217/46.**

Det ligg ikkje merknader frå naboar.

Naboane har uttrykt at det ville vere naturleg å sette opp naust på eigedommen i og med at det tidlegare er gitt byggjeløyve.

Eigar av 217/13 er positiv til tiltaket og syner dette ved at bygget kan ligge heilt inn til hans grense.

Utsjånadmessig vil ikkje bygget medføre ulempe .Etter kommunen sitt skjønn har tiltaket gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon,bygde og naturlege omgjevnader og plassering,jf.pbl§29.2.

Plan og bygningslova 19-2

Helse,miljø,tryggleik og tilgjenge

LNF-føremålet Landbruk,natur og friluftliv

Friluftinteressene

Tiltaket vil ikkje vere til hinder for friluftsliv,kven som helst kan nytte området rundt eigedommen.Tiltaket er ikkje til hinder for aktivitet av andre i strandsona.

Landbruk

Når eigar av 217/13 er positiv til tiltaket,så fortel det at argument som i negativ retning i forhold til landbruk ,ikkje har stor verdi.Eg vil kun nytte gangsti i ytterkant av hans eigedom.

Etter mitt syn vil tiltaket ikkje ha negativ innverknad i forhold til ovannemnde punkt,helse,miljø og tryggleik og LNF-føremålet for kommunen.

Eigarane av naboareala er alle positive til tiltaket og uttalar at dei finn det naturleg og positivt at det vert gjennomført,i tråd med det tinglyst dokument tilseier.

Ein oppfattar situasjonen med tiltaket til verdi for lokalmiljøet med tanke på å tilføre aktivitet for lokale bedrifter som t.d.byggfirma.

Slik eg ser det,så er føremonene med tiltaket vesentleg større enn ulempene.

Eg kan ikkje sjå at dette vil skape presedens for liknande saker, det er positiv haldning frå naboane til å gjennomføre tiltaket.

Eg er av den oppfatning at tinglyst dokument på eigedommen tilseier rettar som ikkje så lett kan avvistast.

Verdien av eigedommen 217/46 vert ringare ved avslag på byggjeløyve,med dei konsekvensar det får for underteikna.

Lindås kommune sitt motto er: Der Draumar blir Røyndom.

Eg vil takke kommunen sin sakshandsamar for verdfull hjelp i søknadsprosessen. Eg ynskjer å samarbeide med kommunen og vonar at dei set pris på at nokon syner vilje til positiv aktivitet i kommunen. Eg og kona har planar om å nytte meir tid på hytta og har i denne samanheng ynskje om meir fritid knytta til sjølivet.


Ved lenger opphald i kommunen,vil dette medføre positiv gevinst for bedrifter i kommunen som handel det vere seg kolonial,byggvare og anna.

Med helsing

  
Finn Ove Kårstad

LINDÅS 1263-217/46

Vedlegg

INFORMASJON FRA  
GRUNNBOKENSe hva som er tinglyst på  
eiendommenEiendom ▼

Type	Grunneiendom	Koordinater	6768314 -9568 (32633)
Kommune	1263 LINDÅS	Areal/historisk oppgitt areal	61 m <sup>2</sup>
Gårdsnummer	217	Arealmerknad	Hjelpelinje vannkant
Bruksnummer	46	Under sammenslåing	Nei
Bruksnavn	Elvaneset	Grunnforurensning	Nei
Tinglyst	Ja	Seksjonert	Nei
		Festegrunner	Nei
		Kulturminner	Nei

Adresser ▼

Eiendommen har ingen adresser

Bygninger (1) ▲

Bygninger, registrerte tilbygg og bygningsendringer

Bygningsnummer	Type	Status	Sefrak	Fredet	Næringsgruppe	Bygningsendring
176313331	183 - Naust båthus sjøbu	Tatt i bruk	Nei	Nei		

Teiger (1) ▼

Eiendomsteiger, utareal og anleggsprosjeksjonsflater

Type	Koordinater	Areal	Merknader
Eiendomsteig	6768314 -9568 (32633)	61 m <sup>2</sup>	Hjelpelinje vannkant